

BOKBÅTEN EPOS: EIT FLYTANDE ROM FOR ORD.

Rom for ord ser meg glede og interesse på initiativet om å etablere ein ny organisasjon kring bokbåten Epos. I dialog med initiativtakarane vil vi sjå etter korleis vår rolle som produsent av litterært programminnhald for scener i distrikta kan utviklast mot eit tett og godt samarbeid med bokbåten. Dette notatet skildrar korleis vi ser føre oss eit slikt samarbeid.

BAKGRUNN

Gjennom Rom for ord tek Sunnfjord kommune initiativ til å etablere eit litterært arrangørledd for distrikta, ein distriktsvariant av litteraturhuset. Dei litterære arrangementa får eit regionalt og dels også eit nasjonalt nedslagsfelt. Prosjektdirektivet skildrar tre hovudmålsettingar for tiltaket:

LOKALT: Utvikle og styrke bibliotek, institusjonar og kulturaktørar gjennom nye litterære arrangement, debatt og deltaking

REGIONALT: Utvikle programtypar som sørger for eit utvida litterært kulturtildel i våre distrikt

NASJONALT: Utvikle programminnhald som formidlar ny, nynorsk litteratur

Rom for ord er gjennomført som eit forprosjekt etter desse målsettingane i perioden 2017-2019. Forprosjektet har vore støtte av kulturdepartementet, Norsk kulturråd, Fritt ord, Nasjonalbiblioteket, Sogn og Fjordane fylkeskommune, dei lokale kommunane, samt samarbeidspartar ved kvar programrekke.

I 2019 gjennomførte Rom for ord nærmare 60 arrangement på kring 40 scener i heile nye Vestland fylke, vedlagt finn de presentasjon av utvalde program.

Frå 2020 riggar vi satsinga stevvis ut av prosjektfasen, med målsetting om etablering og drift av eit litterært arrangørledd for distrikta – ein distriktsvariant av litteraturhuset. Vi har motteke driftsmidlar frå Vestland fylke, og søker om driftsmidlar frå Norsk kulturråd frå 2021.

PROFIL OG MÅLSETTING:

Gjennom våre litterære arrangement vil Rom for ord ta eit særleg ansvar for å utvikle litterære program som formidlar den nynorske litteraturen til fleire lestarar. Å sjå, høyre og bruke sitt eige skriftspråk er ein demokratisk rett, avgjerande for å kunne delta i samfunnet. Nye Vestland fylke er det klart største nynorskfylket i landet.

Vi ser på oppgåva med å utvikle programtypar som sørger for meir bruk og større synlegheit for nynorske tekstar som ei oppgåve av nasjonal karakter. Rom for ord vil sørge for å sikre og bruke kompetanse om nynorsk litteratur og språk i formidlingsarbeidet, og meiner det er

vikting at dette arbeidet vert forankra i ein institusjon i vårt fylke. Både gjennom arbeidet i styringsgruppe, programråd, i den kunstnarlege leiinga og i kunstnarlege samarbeid er nynorskperspektivet styrande.

For å sikre at programplanlegginga tek omsyn til initiativ i bokbåten sitt nedslagsfelt, vil vi invitere ein representant for bokbåten med i vårt programråd. Programrådet legg dei langsiktige planane for litterært innhald i våre produksjonar, det er her ein kan påverke og setje sitt preg på dei arrangementa om skal riggast for å reise i distrikta våre, anten det er ute langs kysten eller lengre inne i fjordane.

Å utvikle nye litterære program av høg kvalitet med nynorsk profil for meir bruk både i vår eigen region og elles i landet vil vere ei kjerneoppgåve for Rom for ord.

Programarbeidet legg elles til grunn ei brei forståing av omgrepene «litteratur» - som tekst i samfunnet. Ulike typar tekstar kan belyse og auka forståinga kring eit tema. Ulike perspektiv på det same temaet er navet i programmeringa av denne arrangementsrekka.

Programma har samla sett ein allmenn profil og vender seg til lesarar på tvers av interesse- og aldersgrupper. **Det er ei hovudmålsetting for Rom for ord å auke interessa for lesing og litteratur i distrikta**, og sørge for eit tilsvarande godt litterært programtilbod i grender og bygdelag, som litteraturhusa i dei større byane legg til rette for der.

Sjølv om programmeringa i byane inspirerer oss, er vår målsetting å etablere eit litterært arrangørledd som kan utvikle programtypar som går i dialog med distrikta sitt særpreg, våre føremoner. Difor er distriktsmotivet ikkje minst knytt til å bruke scener, møteplassar, rom og hus i bygdelag og grender kring om i heile Vestland fylke. Rom for ord riggar arrangementa som samarbeid med lokale krefter; Lag og foreiningar, bibliotek og museum, privat kulturnæring og offentlege kulturinstitusjonar.

Våre «litteraturhus» kan vere grendehus, skulehus, prestegardar, bedehus, klubbscener, kulturhus, museum, bibliotek, kafear og uteplassar – møtestadar som finst og som folk er knytte til. Svært gjerne også på bokbåten!

Ved å rigge kortare eller lengre turnear av kvart program inneber organiseringa også ein bærekraftig profil, der meir bruken held miljøbelastinga lægre og der forfattarane får betre vilkår med fleire oppdrag og fleire møter med lesarane på kortare tid.

Å dele ei historie, lytte til ei opplesing, drøfte eit tema, undersøke ein påstand. Bli inspirert til handling. Reflektere og tenkje etter. Slike opplevingar vil Rom for ord skape. I møte med bøkene lærer vi både oss sjølve og andre betre å kjenne. Slik kan vi leve betre i lag, forvalte oss sjølve og samfunnet på best muleg vis. Den rike kulturhistoria og store verdiskapinga i bygdene i nye Vestland fylke byggjer på ein lang tradisjon for å vere lesande og skrivande. Ei slik bygdeintellektuell interesse for litteratur, for kunnskap og lærdom inneber ei verdifull tilnærming som har kvalitetar vi vil ivareta og byggje vidare på.

Gjennom eit samarbeid med bokbåten vil satsinga Rom for ord nå eit langt større publikum, fleire scener og eit endå større omland. Å hjelpast å med å få litteraturen fram til lesarane,

der dei bur, er ei inspirerande oppgåve å ta tak i, og ei oppgåve vi lettare lukkast med, når vi organiserer eit samarbeid på den måten vi har skildra ovanfor. Samarbeidet vil også legge til rette for meir og betre kontakt på tvers av det nye kartet i det nye fylket vårt, Vestland. Vi vil byggje nye bruer og band gjennom felles målsettingar, for vi ber på den same draumen.

01.10.2020

Janne Karin Støylen

Kunstnarleg leiar, Rom for ord